



Tore Hauge
Mykingvegen 329
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1886 - 17/23349

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2017

Informasjon vedkomande søknad om utslepp frå eigedommen - gbnr 209/12 Høyland

Lindås kommune viser til diverse kontakt med oss, både per telefon og e-post.
Viser og til vårt brev datert 21.06.2017.

For å gje deg informasjon og oppklare eventuelle uklare forhold, vil vi presisere kva som må på plass ved søknad om utslepp på din eigedom.

Ut frå opplysningar som ligg i vårt arkiv, er det ikkje gjeve utsleppsløyve på denne eigedommen i dag.

Når du skal etablere eit nytt utslepp, krev det søknad både etter forureiningslova og etter plan- og bygningslova. Eit rørleggarføretak kan hjelpe deg med begge desse søknadane. Etter det vi har fått opplyst, er Lindås VVS engasjert av deg i denne saka. Vi har vore i dialog med Jan Erik Helland.

I dette området er dei minireinseanlegg med etterpolering og utslepp til bekk med heilårs vassføring som kan godkjennast. Rørleggar kan hjelpe deg i val av anlegg og plassering av dette.

Eigedommen din ligg i område avsett til landbruk, natur og friluftsområde i kommuneplanen sin arealdel. Etablering av avlaupsanlegg krev difor at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet, før utslepps- eller byggjeløyve kan gjevast.

Langs fylkesveg 397 er det ei byggegrense på 15 meter frå midt veg. Det må leggest ved kart som viser minste avstand frå avløpsanlegg og leidningar/kum til vegmidte. Det må og søkast om dispensasjon for plassering av avløpsanlegg med tilhøyrande leidningar når desse vert lagt nærare enn 15 meter. Lindås kommune vil sende søknaden til Statens Vegvesen for uttale i tråd med vanleg praksis.

I søknaden må det leggest ved skriftleg erklæring frå eigar på gbnr 209/18 på rett til å sleppa ut avløpsvatn på denne eigedommen.

Gebyr:



Handsaming av søknad om utsleppsløyve og søknad om å bygga anlegget etter plan- og bygningslova er ei gebyrlagt teneste i Lindås kommune og er vedteken i lokal gebyrforskrift.

Handsaming av søknad om utsleppsløyve < 50 PE kostar kr 6.500,-. I tillegg må du ha løyve til å bygga anlegget, søknad med ansvarsrett etter plan- og bygningslova § 20-3. Den kostar kr 6.900,-. Søknad om dispensasjon er kr. 3 600,-.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Vvs Nils Træland AS

Postboks 42

5951

LINDÅS

Mottakarar:

Tore Hauge

Mykingvegen 329

5913

EIKANGERVÅG